

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 03.11.2020
SAKSHANDSAMAR: Lene Lie
SAKA GJELD: **Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2021-2023**
ARKIVSAK: 2020/1017
STYRESAK: **143/20**
STYREMØTE: **09.12.2020**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest oppnemner følgjande medlemmer og vara-medlemmer til det regionale brukarutvalet (RBU) i Helse Vest RHF for funksjonsperioden 1. januar 2021 - 1. januar 2023:

Medlemmer:

- Jan Oddvar Gjerde, FFO Vestland
- Henrik Aasved, Kreftforeningen
- Jostein Bildøy, FFO Vestland
- Astrid Gytri, FFO Vestland
- Merete Hauge, FFO Vestland
- Anne Marie Auestad, SAFO Sørvest
- Karl Olaf Sundfør, Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO)
- Sigrun Marit Hansen, Pensjonistforbundet
- Atle Lunde, FFO Rogaland
- Joe R. Aseerwatham, Vestland Innvandrerråd

Vara-medlemmer:

- Lars Olav Traa, FFO Vestland
- Hege Skjelbred- Knudsen, Kreftforeningen
- Sonja Ljostveit, FFO Vestland
- Vidar Myhren, FFO Vestland
- Anne-Grethe Høisæther, FFO Vestland
- Else-Berit Ingvaldsen, SAFO Sørvest
- Veronika N. Hansen, Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO)
- Hans Otto Robberstad, Pensjonistforbundet
- Cicel T. Aarrestad, FFO Rogaland
- Sajjad Younas, Vestland Innvandrerråd

2. Styret oppnemner leiar og nestleiar for regionalt brukarutval.
Leiar: Jan Oddvar Gjerde
Nestleiar: Henrik Aasved

Oppsummering

Regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år om gongen.

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) Vestland og Rogaland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO Sørvest), Pensjonistforbundet, Kreftforeningen, Vestland innvandreråd og Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO) har sendt inn forslag til representantar til Regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2021-2023.

Fakta

Regionalt brukarutval blei vedteke oppretta i styremøte 27. mai 2002, sak 51/02. Det går fram av saka at Regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år om gongen. Regionalt brukarutval hadde sitt første konstituerande møte 27. juni 2002.

I felles retningslinjer for brukarmedverknad, som blei vedtatt av styret i Helse Vest 4. april 2017 (042/17), står det følgjande om brukarutvalet sin samansetjing:

- *at samansetjinga av brukarutvalet skal spegle heile verksemdsområdet til helseføretaket, vanlegvis gjennom balansert representasjon frå somatikk, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.*
- *at pårørandeperspektivet, med særleg vekt på foreldre til sjuke barn, er representert i tillegg til eldre, barn og unge og etniske minoritetar.*
- *at alminnelege prinsipp for kjønnsrepresentasjon er ivaretekne.*
- *at ein prøver å ta omsyn til aldersrepresentasjon og geografisk representasjon.*
- *at både små og store organisasjonar skal vere representerte, slik at utvalet totalt sett har ei god forankring.*

Ved oppnemning 2. november 2016 bad styret spesifikt om at regionalt brukarutval minst skulle ha ein representant med minoritetsbakgrunn for å ivareta interessene til denne pasientgruppa.

Leiar for RBU deltek som observatør ved styremøter, i tillegg til å leie brukarutvalsmøter. Leiar og nestleiar fungerer som talerør for dei saker brukarutvalet ønskjer å drive og tek avgjer rundt interne oppgåver i RBU.

Felles retningslinjer for brukarmedverknad seier følgjande om oppnemningsprosessen:

«Styret i helseføretaket oppnemner medlemmene i brukarutvalet, inkludert leiaren og nestleiaren, etter innstilling frå administrerande direktør på grunnlag av innsende forslag frå pasientorganisasjonane.

God dialog mellom helseføretaket og organisasjonane blir sikra i nominasjons- og oppnemningsprosessen. Organisasjonane som foreslår kandidatar, skal oppmodast om å sende informasjon om relevant formal- og realkompetanse. Bakgrunnssjekk gjennom innsend informasjon og eventuelt intervju dannar grunnlaget for utveljinga.»

Tidlegare var det lagt opp til at brukarutvalet konstituert seg sjølve ved første møte. Den praksisen er endra etter at dei nye retningslinjene blei vedtatt og ved sist oppnemning blei leiar og nestleiar vald etter ein prosess med intervju av aktuelle kandidatar.

Kommentarar

På bakgrunn av nominasjonar frå organisasjonane er følgjande medlemmer og vara-medlemmer foreslått til Regionalt brukarutval for funksjonsperioden 2021 – 2023:

Medlemmer:

- Jan Oddvar Gjerde, FFO Vestland
- Henrik Aasved, Kreftforeningen
- Jostein Bildøy, FFO Vestland
- Astrid Gytri, FFO Vestland
- Merete Hauge, FFO Vestland
- Anne Marie Auestad, SAFO Sørvest
- Karl Olaf Sundfør, Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO)
- Sigrun Marit Hansen, Pensjonistforbundet
- Atle Lunde, FFO Rogaland
- Joe R. Aseerwatham, Vestland Innvanderråd

Vara-medlemmer:

- Lars Olav Traa, FFO Vestland
- Hege Skjelbred- Knudsen, Kreftforeningen
- Sonja Ljostveit, FFO Vestland
- Vidar Myhren, FFO Vestland
- Anne-Grethe Høisæther, FFO Vestland
- Else-Berit Ingvaldsen, SAFO Sørvest
- Veronika N. Hansen, Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO)
- Hans Otto Robberstad, Pensjonistforbundet
- Cicel T. Aarrestad, FFO Rogaland
- Sajjad Younas, Vestland Innvanderråd

FFO har historisk sett hatt to medlemmer frå kvart fylke i regionalt brukarutval. FFO blei òg i år bedt om å nominere minst ein representant med innvandrarbakgrunn. Då FFO ikkje klarte å finne kandidatar med denne bakgrunnen, vil ein av plassane gå til Vestland innvanderråd. For å sikra den geografiske fordelinga var det òg i denne perioden naturleg at FFO Rogaland fekk ein plass mindre i utvalet. Det gir totalt 3 medlemmer frå Rogaland (FFO, SAFO og RIO) og 7 frå Vestland (FFO, Kreftforeningen, Pensjonistforbundet og Vestland innvanderråd).

Leiar og nestleiar er begge innstilte på å ta ein ny periode, og det har derfor ikkje vore gjennomført nye intervju med tanke på desse verva.

Konklusjon

Heile helseregionen er representert i forslaget til nytt regionalt brukarutval. Forslaget inneheld to nye og åtte attvalte brukarrepresentantar. Dette er i samsvar med nominasjonane som har kome inn frå organisasjonane. Det gir god kontinuitet i utvalet. Utvalet er vidare samansett med 40 %

kvinner og 60 % menn, og alle verksemdsområda (somatikk, rus, psykisk helsevern) er representerte. Det er ein jamn geografisk fordeling.

Administrerande direktør legg til grunn at føringane i retningslinjene er oppfylt i tilstrekkeleg grad og tilrår at styret oppnemner regionalt brukarutval for perioden 2021-2023 i tråd med forslag til vedtak.